

UNIVERSITETET I OSLO
DET HUMANISTISKE FAKULTET

**Eksamens i
LING1100 Semantikk og pragmatikk 1**

Høsten 2014

Tid: Onsdag 19. november 2014 kl. 9-13 (4 timer/timar)

Sted/stad: SB lesesal del D

Ingen hjelpe midler tillatt / Hjelpe middel ikke tillatne

Oppgavesettet er på 3 sider, forsiden medregnet.

Oppgåvesettet er på 3 sider medrekna framsida.

Sensur: 3 uker/veker (16. juni)

BOKMÅL

Oppgavesettet inneholder 5 oppgaver. Du skal besvare alle oppgavene.

Oppgave 1: Se på følgende setninger:

- a) Smurfer løper ikke fort.
- b) Ibsen døde i 1906.
- c) Da hørte jeg fra lien en gjøk.
- d) Kan du låne meg en tier?
- e) Indianerne stammer opprinnelig fra Sibir.
- f) Du skuffer meg!

Hvilke semantiske roller («thematic roles») finner du i setningene ovenfor? (Du kan velge sjøl om du vil bruke de norske eller de engelske termene på rollene.) Forklar deretter hva vi mener med argumentstruktur («thematic role grid» / «theta-grid»), og hva som er forskjellen på et argument og en adjunkt. Nevn for de enkelte rollene i setningene ovenfor om de er argumenter eller adjunkter.

Oppgave 2: Hva er forskjellen på epistemisk og deontisk modalitet? Forklar, og bruk egne eksempler.

Oppgave 3: Hva mente Grice med Samarbeidsprinsippet («Cooperative principle»)? Nevn deretter de fire maksimene til Grice, og forklar hvilke føringer de legger på en samtale. Forklar kort hva vi mener med «håning» («flouting») av maksimer, og gi et eget eksempel på håning av en maksime. Forklar til slutt hva vi mener med å «gardere en maksime» («to hedge a maxime»), og gi eksempler på garderinger av minst to maksimer.

Oppgave 4: Forklar hva Austin mener med performativer. Gi egne eksempler på performative ytringer, og forklar deretter hva som er forskjellen på eksplisitte og implisisitte performativer. Forklar til slutt hva Austin mente med å skille mellom performativer og konstativer, og hvorfor han etterhvert ga opp denne distinksjonen.

Oppgave 5: Hva mener Brown & Levinson med begrepene positivt ansikt («positive face») og negativt ansikt («negative face»)? Forklar og gi eksempler på hvordan vi bruker høflighet til å appellere til samtalepartnerens positive og negative ansikt.

NYNORSK

Oppgåvesettet inneholder 5 oppgåver. Du skal gje svar på alle oppgåvene.

Oppgåve 1: Sjå på følgjande setningar:

- a) Smurfar spring ikkje fort.
- b) Ibsen døyde i 1906.
- c) Då høyrdie eg frå lia ein gauk.
- d) Kan du låne meg ein tiar?
- e) Indianarane stammar opphavleg frå Sibir.
- f) Du skuffar meg!

Kva for semantiske roller («thematic roles») finn du i setningane ovanfor? (Du kan velje sjølv om du vil nytte dei norske eller dei engelske termene på rollene.) Forklar deretter kva vi meiner med argumentstruktur («thematic role grid» / «theta-grid»), og kva som er skilnaden på eit argument og ein adjunkt. Nemn for dei einskilde rollene i setningane ovanfor om dei er argument eller adjunktar.

Oppgåve 2: Kva er skilnaden på epistemisk og deontisk modalitet? Forklar, og gje eigne døme.

Oppgåve 3: Kva meinte Grice med Samarbeidsprinsippet («Cooperative principle»)? Nemn deretter dei fire maksimane til Grice, og forklar kva for føringar dei legg på ei samtale. Forklar kort kva vi meiner med «håning» («flouting») av maksimar, og gje eit eige døme på håning av ein maksime. Forklar til slutt kva vi meiner med å «gardere ein maksime» («to hedge a maxime»), og gje døme på garderingar av minst to maksimar.

Oppgåve 4: Forklar kva Austin meiner med performativar. Gje eigne døme på performative ytringar, og forklar deretter kva som er skilnaden på eksplisitte og implisiszte performativar. Forklar til slutt kva Austin meinte med å skilje mellom performativar og konstativar, og kvifor han etterkvart ga opp denne distinksjonen.

Oppgåve 5: Kva meiner Brown & Levinson med omgrepa positivt ansikt («positive face») og negativt ansikt («negative face»)? Forklar og gje døme på korleis vi nyttar høflegheit til å appellere til samtalepartnaren sitt positive og negative ansikt.